

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.1	Knut Øyjordet	01.07.21	27/21

**TILDELING AV HJORTEJAKT I JOTUNHEIMEN NASJONALPARK***Saksdokument:*

Innkomne søknader.

*Saksutgreiing og vurdering:*

Etter at fjellstyret trekte seg ut av samarbeidet med Lom fjellstyre om felles jaktområde for storviltjakt i Gjendeområdet i nasjonalparken, vart jakta lyst ut på heimesida til fjellstyret, samt at alle jaktleiarane i bygda, vart varsla med ei tekstmelding. Det er sett krav om minimum tre jegerar i laget, og laget må ha eigen godkjent ettersøksekvipasje. Jaktlag med jeger/jegere som ikkje har elg-/hortejakt i ei anna statsallmenning inkludert i Nordherad fellesområde, eller i eit anna jaktfelt i Langmorkje i 2021, blir prioritert fyrst. Det er sett ei kvote på ein fri bukk.

Innan søknadsfristen (20. juni) er det innkome to søknader, frå Arild Svare (jaktleder) og Per Ove Røe (jaktleder). Båe laga tilfredsstillar krava som fjellstyret har sett, og har ikkje elg-/hortejakt i Langmorkje statsallmenning, Nordherad fellesområde eller i ei anna statsallmenning dette året. Loddrekning skjedde i fjellstyremøtet.

**Vedtak:**

Etter loddrekning får Arild Svare`s jaktlag tilbod om hortejakt ved Gjende i Jotunheimen nasjonalpark i Vågå hausten 2021 og med Per Ove Røe`s jaktlag som reserve. Det vil bli inngått ei skriftleg avtale med jaktlaget på vanleg måte.

*Rett utskrift. Går til:*

Arild Svare  
Per Ove Røe

Vågåmo, 02.07.21

Knut Øyjordet (e.f)